



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1135 - 15/23570

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2015

Melding om eigengodkjend områdeplan for Knarvik sentrum, del av gnr 188

I samsvar med §12-12 i plan- og bygningslova vert det informert om at Kommunestyret i møte den 18. juni 2015 (sak 59/15), eigengodkjende områdeplanen for Knarvik sentrum.

Planen legg til rette for ei utvikling av Knarvik sentrum med bymessige strukturar og kvalitetar. Gjennom ein heilskapleg plan for arealbruk og krav til utforming av bygg og uteområde, er målet at sentrum over tid skal verte ein attraktiv småby der gåande har ei klar prioritering. Regionsenteret er gjennom planen tilrettelagt for fleire funksjonar som handel, kontor, bustad og tenesteyting, og med varierte etasjehøgder. Det er lagt til rette for ei effektiv parkeringsløyising, og kollektivtrafikken er sikra tilkomst til sentrum. Reguleringsplanen sikrar og areal til utviding av E39 gjennom Knarvik sentrum.

Områdeplan for Knarvik sentrum består av følgjande dokument:

- Planomtale
- Tre plankart (vertikalnivå 1-3)
- Føresegner
- Grøn overflatefaktor, vedlegg A til føresegnene
- Grøne punkt, vedlegg B til føresegnene
- Illustrasjonsplanen, vedlegg C til føresegnene
- Kvalitetsprogram, vedlegg D til føresegnene

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen på rådhuset. Plandokumenta ligg og på kommunen si heimeside (www.lindas.kommune.no), og på braplan (<http://braplan.geoweb.no/braplan/>). Planid. er 1263-201002.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket om eigengodkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. plan- og bygningslova §12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova §29, 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt. Eventuell klage bør grunngjevast, jf. forvaltningslova § 32, og skal stilast til



Fylkesmannen i Hordaland på følgjande adresse: Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ. Klage kan og sendast elektronisk til postmottak@lindas.kommune.no.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jamfør plan- og bygningslova § 12-4.

Med helsing

Frøydis Ones
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.